



Husbandet med tekstforfatter Svein Rimestad til høgre.

På Haustfesten laurdag kveld var ein av programpostane urframføring av den nyskrivne Uskedalsvlsen med tekst av Svein Rimestad. Den vart framført av Husbandet, Kristian Bringedal, Reidar Myklebust og Svein Rimestad, saman med festlyden. Melodien er den same som Vigelandsvlsen(Tor Mørkesdal) med Lindesnes trekkspelklubb og [kan høyrast her](#). SYNG MED!

Vår kjære Uskedal er både lang og smal.
Her er det liv og spel, høyr, gauk og hane gjel.
Og ingen stad på jord ser du så fin ein fjord.
Når du ser Storsund liggja blank, vert hugen fri og frank.

Refr.:
Ei bygd med tradisjon for nøktern ferd og von
drikk vatn mest til alt, det er den faste tralt.
Men så kjem laurdagskveld med svingom, liv og sprell,
då gjeld `kje gamle mål - vi tek ein annan skål.

Vår elv renn logn og stø på veg mot øyr og sjø.
Stor laks går mtsett lei, opp kjem `kje alle dei.
Folk står med fiskestong og kastar gong på gong.
Rett mange vert `kje far og mor, men hamnar på vårt bord.

Refr.:

Med tida har vår dal fått vidspurd festival
med stoff for mang ein smak, der alle tek eit tak.
Og mange kjende namn har nemnda fått i hamn.
Folk kjem i flokk, vil høyra rock - kan henda gå amok?

Refr.:

Folk er av eige to på Eik og Steinsletto:
Dei veit å finna råd om lendet ligg på skrå.
Kvart hus har prima sikt, for den som likar slikt,
og turen opp gjev form på topp, ein kur mot hjartestopp.

Refr.:

Meir kunne vore sagt om folk, natur og prakt,
men slikt kan lett ta av - vi stiller strenge krav.
Vi nøyer oss til slutt med fylgjande salutt:
Ei bygd som vår får høgste score, den saka er jo klår.

Refr.:

Foto og nett: Thor Inge Døssland.